Invitasjon til T5-dag

BOLSTADØYRI BEDEHUS
sundag 29. november
Gudsteneste for alle, kyrkjekaffi/-saft og jolekrybbeverkstad



Velkomen
til jolekrubbeverkstad, til deg som er 5 år.

Gler du deg til jol? Er ventetida lang? Har du lyst å lage ei jolekrubbe som du kan leika med, og gjera ventetida litt kortare?

Då er du velkomen til Bolstadøyri bedehus
sundag 29. nov, kl. 11:00.
Dette er 1. sundag i advent.

Program:

Kl 11:00	Gudsteneste for alle, der tre-,fire- og femåringane er særskilt invitert. Etterpå kosar me oss med deilig kyrkjekaffi/-saft.
Kl 12:15	Lage jolekrubbe

Praktisk info

5-åringen er invitert saman med ein eller to vaksne; foreldre, besteforeldre, fadrar, tante, onkel....(Det må vera minst ein vaksen pr. born).
5-åringen skal få laga si eiga jolekrybbe, saman med den/dei vaksne som er med. Krubba skal de få ta med heim og bruka i adventstida!

Gudstenesta kl 11:00 i Bolstadøyri bedehus er open for alle.

Gje beskjed
- om barnet treng særskild tilrettelegging eller har matallergi
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått denne invitasjonen
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, brosjyre e.l.

Påmelding innan
torsdag 26. november
på www.voss.kyrkja.no eller bruk QR-koden.
I skjemaet gjev de oss opplysningar me treng.

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.
Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.
I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

Kyrkja i Voss
Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss,
Tlf. 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no